

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2024/5376-25

Saksbehandlar

Karoline Eide Holmedal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2025/30	Formannskapet	15.05.2025

Utviding av skjenkeområdet - uteservering- Spritz AS

Innstilling frå kommunedirektøren:

Søknad om utviding av fast skjenkeområde til også å gjelda inngjerda platting på ca.90 kvm (planteikning) vert avslått.

Formannskapet si behandling i møte den 15.05.2025:

BEHANDLING:

Nytt framsett forslag frå:

Ove Lemicka, Frp: Søknad om utviding av fast skjenkeområde ute (som vist på kart) vert godkjent og kan takast i bruk når alle byggetekniske godkjenninger ligg føre.

Tilleggsforslag frå:

Per Harald H.L. Johansen, Ap: Det vert stilt krav om at det vert sett opp støyabsorberande gjerde mot tilgrensande nabo.

RØYSTING:

Forslag frå Lemicka; 8 for - 1 mot (Langeland)- vedteke

Tilleggsforslag frå Johansen; 7 for - 2 mot (Lemicka og Rødland) -vedteke

VEDTAK:

Søknad om utviding av fast skjenkeområde ute (som vist på kart) vert godkjent og kan takast i bruk når alle byggetekniske godkjenninger ligg føre.

Det vert stilt krav om at det vert sett opp støyabsorberande gjerde mot tilgrensande nabo.

Vedlegg:

- 1 Utviding av skjenkeløyve til å inkludere uteservering(søknad)
- 2 IMG 9621.jpeg
- 3 IMG 5758.jpeg
- 4 IMG 9615.jpeg
- 5 IMG 8067.jpeg
- 6 Nabomerknad til søknad om utandørs skjenkeløyve
- 7 Uttale [frå politi]
8. Utgreiing vedrørende nabomerknad til søknad om utandørs skjenkeløyve


Samandrag

Spritz AS fekk i desember 2024 fast skjenkeløyve innandørs for all alkoholhaldig drikk i Sæbøvikvegen 153. Nå søker dei om utandørs skjenkeløyve for planlagd plating. Det må vurderast kva omsyn som talar for og imot at skjenkeløyve vert gitt. Om skjenkeløyve skal bli gitt må det vurderast om det skal setjast vilkår knytt til utvidinga av skjenkeområdet.

Saksutgreiing:

Lokala der Spritz AS har hatt bardrift sidan midten av januar, har i ei årrekkje vore bensinstasjon med jernvarehandel og hurtigmat. I november 2023 fekk huseigar igangsetjingsløyve for «Bruksendring frå bensinstasjon med gatekjøkken til restaurant/gatekjøkken og ubemanna bensinstasjon.» I samband med bruksendringa kom det merknadar frå hyttenaboane som ikkje vart tatt til følgje. Etter bruksendringa starta Halsnøy Cafe og Restaurant AS opp restaurant og pub der, som dei dreiv fram til hausten 2024.

Barlokala ligg tett på fylkesveg 500 og har ein fritidsbustad som nær nabo. Avstanden mellom bygga er mellom 9 og 13 meter. Bygget er delt i to og i den minste delen er det gatekjøken med eigen inngang som vert drifta av andre. Ytst er det sjølvbetente drivstoffpumper med tak over. Både næringsbygget (153) og fritidsbustaden (151) ligg i eit område definert som næringsområde i kommuneplanen.



Planlagd uteserveringsområde er eit tiltak som krev godkjenning etter plan- og bygningslova fordi den kjem i konflikt med byggegrensa mot veg. Sidan prosessen med å søkja om godkjenning av tiltaket vil bli både tid- og kostnadsnevjande, ynskjer søkjar fyrst at kommunen tar stilling til om dei kjem til å få fast skjenkeløyve dersom tiltaket vert godkjent.

Eit skjenkeløyve vert gitt for eit «bestemt lokale og en bestemt type virksomhet», jamfør alkohollova § 4-2 fjerde avsnitt. Det vert nå søkt om at det faste skjenkeløyvet også skal gjelda planlagd platting på omtrent 90 kvadratmeter på oppsida av bygget, der inngangen er. Det skal vera eit 150 centimeter høgt glasrekkverk rundt, med opning for entre. På kortsida mot fritidsbustaden skal det setjast opp ein levegg på omtrent to meter som skal skrå ned mot glasrekkverket. Plattingen skal ikkje vera høgare enn 50 centimeter nokon stad.



Planlagd/omsøkt plattung i raudt

Kommunen har mynde til å utøva svært stort skjønn i vurderinga av om søknadar om skjenkeløyve skal bli gitt.

[Alkoholova § 1-7a](#) [eigne uthevingar] seier at kommunen «*blant annet*» kan leggja vekt på «*antallet [..] skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig*». Opplistinga er døme på aktuelle omsyn, men også andre omsyn kommunen meiner er viktige kan vektleggjast. Avgjersla kan naturlegvis ikkje vera tilfeldig eller forskjellhandsama på måtar som ikkje kan forsvarast ut frå alkoholpolitiske omsyn.

I [Kvinnherad sin alkoholpolitiske handlingsplan](#) har kommunestyret vedtatt følgjande om utandørs skjenking:

«Ved tildeling av løyve til skjenking utandørs skal det takast omsyn til *naboar, offentleg ro og orden*, og nærleik til sjø og *trafikk*. Det kan vedtakast *kortare skjenketid utandørs i særlege tilfelle*.»

Vedlagt saka ligg merknadar frå eigarane av fritidsbustaden og søkjar sitt tilsvar på desse. Nedanfor vil særleg aktuelle omsyn bli gjort greie for og drøfta. Deretter kjem det ei vurdering av aktuelle/kravde vilkår.

Næringspolitiske omsyn:

Tilrettelegging og godvilje ovanfor næringa, slik at dei igjen kan tilby eit størst mogleg utval utestader for innbyggjarane er eit relevant omsyn. Ut frå omtale både frå søkjar og i lokalaviser er baren populær og tiltrekkjer seg mange gjester. Eit tilbod om uteservering vil i seg sjølv vera positivt både for næringa og gjester.

Sanitære forhold:

Omsynet til gode sanitære forhold er eit aktuelt omsyn som kan knytast til både «*hensynet til lokalmiljøet for øvrig*» og «*ordensmessige forhold*». I saka opplyser søkjar at det på påskeaftan vart sett opp eit «4-manns festival-urinal» utanfor for å unngå urinering utanfor tilvist stad. Urinalet var ikkje skjerma, men søkjar skriv at det vil bli sett opp skjerming dersom det blir naudsynt å setja opp slikt fleire gonger. Naboane skiv at dette var ubehageleg for både born og vaksne. Uavhengig av om urinal utandørs vert skjerma eller ikkje, har det ei side mot forureiningsregelverket og sikrar ikkje gjestene gode sanitære forhold.

Det er to toalett tilgjengeleg i lokalet, og søkjar opplyser at gjestene får nytta toalettet til gatekjøkenet. Bruk av gatekjøkenet sitt toalett er uheldig, då gjestene må gå ut av skjenkeområdet, fordi dette toalettet er meint brukt til gjester av gatekjøkenet og fordi det krev at det er ope. Då skjenkeløyvet vart gitt vart det opplyst at lokala var til 80 personar, og toalettfasilitetane vart ikkje problematisert. Byggeigar har for tida inne søknad om å få barlokalet på 100 kvadratmetet godkjent for 160 personar (brannobjekt).

At det allereie er for få toalett til gjeldande skjenkeområde og gjester, tilseier at det ikkje bør bli gitt løyve til ei utviding som medfører nærast ei dobling av skjenkeareal og vesentleg auke i tal gjester. Søkjar skriv at dei jobbar med denne utfordringa, men det avgjerande for vurderinga er korleis situasjonen er per i dag.

Trafikale omsyn:

Lova nemner «*trafikk[.]forhold*» som aktuelt omsyn, og handlingsplanen seier det «*skal*» takast omsyn til uteområdet sin nærleik til trafikk.

I merknaden frå politiet står det at «uteserveringa kan bli utfordrande for eigar å organisere på ein måte som sikrar kundane frå biltrafikk». Det vert vist til at det er nedsett fartsgrense, som er samanliknbart med andre stader med utservering. Eigar må ha fokus på «styrka betjening og vakthald i serveringssona, pga ovannemnde bekymring».

Fartsgrensa på staden er 40 kilometer i timen, og det er ikkje sett opp fartsseinkande tiltak. Dei samanliknbare stadene i Rosendal er restaurantar/spisestader som ligg i ei 30-sone med fartshumpar som i større grad sikrar låg fart. Stadene har også gangfelt mellom utserveringane og vegen. Som vedlagde bilete viser, er det ein opphøgd liten plen mellom planlagd platting og vegen, ikkje fortau.

Kommunedirektøren meiner at nærleiken til veg med ei fartsgrense på 40 kilometer i timen talar mot å innvilga søknaden, og at dette ut frå samanlikninga i avsnittet over ikkje vil utgjera usakleg forskjellshandsaming.

Plassering/ulempe for nabo:

Handlingsplanen vår seier at det «*skal*» takast omsyn til naboar ved tildeling av løyve til utandørs skjenking. «Beliggenhet» er med i opplistinga i lova, og tilhøyrande rundskriv nemner som eit eksempel at «*Kommunen kan også avslå søknaden for eksempel med den begrunnelse at skjenkestedet ligger i et boligstrøk, uten at det pekes på særskilte ordensproblemer knyttet til dette spesielle stedet.*»

Sjølv om nabobygget er ein fritidsbustad og ikkje vanleg bustad, vert omsyna til naboane dei same.

I merknadane frå søkjar vert det peika på at fritidsbustaden ligg i eit næringsområde og at dagens bardrift er i samsvar med formålet. Nabo viser på si side til at bruken av næringsbygget har endra seg vesentleg frå dei kjøpte og at særleg støyen frå utestaden gjer at dei ikkje kan nytta seg av fritidsbustaden.

Det er ved handsaminga av søknadar om nye utandørs skjenkeareal i kommunen at ein må vurdera nøye korleis ein skal ta omsyn til naboar. I den alkoholfaglege vurderinga må ein leggja til grunn dei faktiske forholda, at både næringsbygget og fritidsbustaden er godkjende bygg.

Ei utviding av skjenkearealet vil i dette tilfelle gjelda like lenge som det eksisterande løyvet, til 30.09.28. Det skal svært mykje til for å trekka tilbake eit gitt løyve.

Sjølv utan autoriserte støymålingar meiner kommunedirektøren at det må leggjast til grunn at bardrifta påfører naboane ei stor ulempe. Dette fordi fritidsbustaden ligg svært nær utestaden, og utestaden arrangerer konsertar og andre aktivitetar med eit høgt lydnivå. Utestaden skjenker normalt sett fram til kl.01.30 og stenger kl.02. Det er vurdert at eit løyve til utandørs skjenking vil medføra auke i ulempene, særleg med tanke på støy.

Samla vurdering av omsyn

Spritz AS er ein populær utestad med ynskje om uteservering for å mellom anna fortsetja å vera konkurransedyktig. Fleire omsyn talar mot at dei skal få utvida eksisterande løyve til utandørs skjenking. Plasseringa av uteområdet er uheldig både ovanfor nabo og trafikk, samt at det allereie er ei utfordring med toalettkapasiteten. Kommunedirektøren innstiller på denne bakgrunnen at søknaden vert avslått.

Alternativ tilråding – merknadar

Dersom formannskapet godkjenner søknaden, bør det vurderast om det skal setjast *tilleggsvilkår* knytt til det omsøkte uteområdet.

Der kommunen kan avslå ein søknad, kan ein også setja vilkår ved ei eventuell godkjenning. [Alkoholova § 4-3](#) slår fast at «*Det kan settes vilkår for bevillingen i samsvar med alminnelige forvaltningsrettslige regler.*»

Vilkåra må vera saklege, ha ein samanheng med det løyvet som vert gitt og det lovverket det vert gitt etter. Formålet med reguleringane i alkoholloverket er «*å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebærer*» jamfør § 1-1. Her vil det vera naturleg å vurdera om det skal setjast vilkår som reduserer dei negative følgjene vurdert over (dei ulike omsyna).

Krav om godkjenning av bygningstiltak

Som forklart øvst i saksframlegget er ikkje den omsøkte plattingen søkt om etter plan- og bygningslova. For å sikra at skjenking berre føregår i/på godkjende og trygge lokale/områder bør det setjast vilkår om at det utvida skjenkeområdet fyrst kan takast i bruk etter at det er godkjent etter plan- og bygningslova.

Redusert skjenketid:

Ved tildeling av løyve til utandørs skjenking seier gjeldande handlingsplan eksplisitt at det «skal» takast omsyn til naboar. Vidare «kan» det vedtakast kortare skjenketid i «særlege tilfelle».

Ulempene for nabo er drøfta over. Det kan leggjast til grunn at redusert skjenketid utandørs vil føra til mindre støy og plager for naboane.

Etter kommunedirektøren sitt syn er dette eit «særleg[.] tilfelle» som kvalifiserer for kortare skjenketid, til dømes til kl.23.00 som er den generelle regelen for nattero.

Plassering av uteområdet:

Det er berre det omsøkte området som er knytt til barlokalet.

Gjerde/særskilte krav til skjenking:

Kommunedirektøren finn ikkje at krava frå nabo om *vanleg* gjerde eller at løyvehavar har ansvar for at gjester tar seg inn på naboeigedomen vil vera saklege vilkår etter alkohollova.

Alkoholoverket har reglar om at det er forbode å ta alkohol med inn eller ut av skjenkeområdet. Det er også forbod mot overskjenking. Brot på desse reglane vert følgd opp.

Støygjerde:

Nabo meiner det bør setjast opp ein reell støy- og innsynsskjerm mellom verksemda og fritidseigedomen, med krav til høgde og støyisolering. Behovet for innsynsskjerming vert i stor grad sikra ved at søkjar har endra søknaden til at det skal setjast opp ein skråande levegg på sida mot fritidsbustaden. Denne vil derimot ha liten støydempe effekt ovanfor naboane.

Krav om å setja opp eit støyabsorberande gjerde i nabogrensa vil vera eit sakleg vilkår etter alkoholregelverket. Dette fordi det er eit tiltak som avbøter negative konsekvensar (støy) direkte knytt til skjenkinga i uteområdet. I omsynsvurderinga vert det lagt til grunn at ei utviding av skjenkeløyvet til også å gjelda utandørs, vil føra til auka støyulempar for nabo.

Miljøretta helsevern har hatt saker som går på støy frå utestader. Forskrift om miljøretta helsevern set mellom anna krav til at verksemder skal innrettast på ein måte som ikkje fører til fare for helseskade eller -ulempe. Bruk av vilkår om støyavbøtande tiltak i oppstartsfasen kan føra til at ein unngår seinare pålegg om utbetringar.

Konklusjon:

Det er som det er synt til i saksframlegget fleire viktige omsyn som talar mot å innvilga søknaden. Dersom søknaden skal få godkjenning, bør det vurderast om og kva vilkår som skal stillast knytt til skjenkinga utandørs.